



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Stranda kommune - etablering av dam i Langedalselva for snøproduksjon

Strandafjellet skisenter søker om konsesjon etter vassressurslova § 8 for regulering/uttak av vatn til snøproduksjon. Tiltaket inneber:

- å demme opp Langedalselva for regulering mellom kote 740 og 747
- dam 7,3 m høg og 70 m lang
- 114 m lang tilkomstveg frå eksisterande veg
- uttak av vatn til snøproduksjon i perioden 01.11 – 31.03, tilsvarande 1,2 % av årleg tilsig
- planlagt minstevassføring 1,5 l/s
- utgraving av myrmassar som deponerast i forkant av dammen

Langedalselva er sideelv til Fursetelva. Skisenteret har allereie løyve til uttak av vatn i Fursetelva til produksjon av snø. Det er aktuelt å pumpe vatn frå Fursetelva opp til dammen. Vatnet blir i dag pumpa fram til nær damområdet. Endringa vil vere at vatnet no blir pumpa til ny dam.

Merknader

Tiltaket er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Her er det vist som kombinasjonsføremål teknisk infrastruktur (snøproduksjon) BKB_12 (Langedalen), med krav om reguleringsplan. Etter det vi kjenner til er det ikkje gjennomført eit reguleringsplanarbeid.

Biologisk mangfald-terrestrisk

Det er utarbeidd ein rapport om verknadene av tiltaket for biologisk mangfald. Etter vår gjennomgang av rapporten har vi inntrykk av at kunnskapsgrunnlaget om konsekvensane av tiltaket er tilfredsstillande. Vi kjenner ikkje til naturfaglege registreringar/verdiar ut over det som kjem fram i rapporten. Det er positivt at synfaringsruta er kartlagt og at det også er nytta lytteboksar for å registrere fuglar i området.

Det er vist til to naturtypar som er på raudlista som nær truga (NT): *Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra*, og *elvevassmassar*. Fjellheia innanfor planområdet er del av ein større lokalitet som strekk seg over store areal utanfor anleggsområdet. Arealbeslaget til dammen er lite i forhold til dette. I tillegg ligg dammen nært opp til eksisterande arealinngrep som veg, skitrekke og bygningar. Konsekvensen av inngrepet i naturtypen er derfor relativt liten, men likevel negativt i den forstand at naturtypen får nok eit arealinngrep.

Naturtypen *elvevassmassar* er også raudlista. Det er ikkje utarbeidd metodikk for kartlegging av ferskvasssystem etter NiN og denne naturtypen er heller ikkje omfatta av DN-handbok 13. Langedalselva er derfor ikkje verdisett som naturtypelokalitet, men som funksjonsområde. Nedanfor planlagt dam går ein foss og eit elvegjel utan fosserøyksone. Her er det ikkje registrert raudlista artar. Det er gjort ei relevant vurdering av potensialet for raudlisteartar. Lav- og mosefloraen er ut frå den fattige berggrunnen ganske vanleg utan spesielt kravfulle artar. Det er lagt opp til minstevassføring og vassføringskurvene syner relativt normal vassføring det meste av året også etter at dammen er etablert.

Myra som skal oppdemmast/delvis utgravast er vist som fattig jordvassmyr. Lokaliteten har fått ubetydeleg verdi som naturtype fordi den ikkje fyller kriteria i kartleggingsinstruksen (NiN til Miljødirektoratet). Vi vil likevel minne om at myr leverer ei rekkje økosystemtenester som m.a. levestad for artar, vasslagring og flaumregulering. I tillegg er myr ein type våtmark som inneheld store mengder karbon lagra gjennom tusenvis av år. Det er i søknaden gjort ei utrekning av kor mykje karbon den aktuelle myra representerer; med eit omtrentleg estimat på 310 tonn CO₂-ekvivalentar ved masseutskifting. Det er ikkje lagt opp til nokon avbøtande tiltak for å kunne redusere dette. Det blir også opplyst at det ikkje er noko anna alternativ for dammen enn å nytte dette myrarealet. I tilfelle kan det vere eit alternativ å gjennomføre kompensierende tiltak t.d. ved økologisk restaurering av ei anna øydelagt myr slik at det blir skapt nye verdier som tilsvarar dei tapte verdiane i prosjektet. Om dette kan påleggast gjennom behandling etter vassressurslova eller om det kan gjerast gjennom regulering av området er vi litt usikre på.

Det er elles gjort ein gjennomgang og samanstilling av konsekvensar for akvatisk og terrestrisk naturmangfald. Vi har ikkje vesentlege merknader til desse vurderingane.

Fisk og ferskvassøkologi

Det er ikkje gjort eigne akvatiske undersøkingar. Langedalselva er ikkje anadrom (laks- og sjøaure), men ein må rekne med at det finst lokal bekkeare. Det er lagt opp til ei minstevassføring på 1,5 l/s. Dette vil i hovudsak ha betydning om vinteren når dammen blir nytta og tilsvarar om lag vassføringa i dag. Elles i året viser vassføringskurvene at tiltaket i liten grad vil påverke vassføringa i elva.

Landskap

Det er utarbeidd eigen rapport om landskapsverknader av tiltaket, delt inn i tre delområde. Den syner at for delområde 1 (Fursetsida over tregrensa vil tiltaket ha noko miljøskade (-). Dammen vil i hovudsak vere synleg frå øvre del av området. Nedstraums dammen vil ikkje vasspeilet vere synleg og damkonstruksjonen i liten grad synleg når den blir dekt av myrmassar i forkant, som er føreslått som avbøtande tiltak. For dei to andre delområda (dalbotnen og Roaldsida) vil tiltaket ha ubetydeleg miljøskade (0). Vi registrerer at dammen er konstruert som ei rett line. Ein bør vurdere om dammen kan utformast som ein litt meir avrunda konstruksjon som kanskje kan falle meir naturleg inn i landskapet (?).

Vassforskrifta

Langedalselva er ikkje vist som eigen vassførekomst i Vann-Nett, men er del av Fursetelva bekkefelt (098-51-R). Bekkefeltet er vist med god økologisk tilstand og det er venta at det vil nå miljømåla om god tilstand innan 2027. Dammen vil innebere inngrep ein del av bekkefeltet. Det er lagt opp til avbøtande tiltak med krav om minstevassføring og vassføringskurvene syner som nemnt at dette i liten grad vil påverke vassføringa i elva. NVE bør likevel vurdere om vassforskrifta § 12 skal nyttast.

Konklusjon

Vi viser til kommentarane over og har ikkje vesentlege merknader ut over dette. Vi rår til at det blir sett krav om minstevassføring. Ein bør også vurdere avbøtande/kompenserande CO₂-tiltak ved fjerning av myr.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

STRANDA KOMMUNE

Øyna 13

6200

STRANDA